



SELJE KOMMUNE

Formannskapet

Møtebok

Møtedato: 16.09.2014

Møtetid: Kl. 14:00 – 16:00

Møtested: Kommunehuset, 3. etg.

Saksnr.: 068/14 - 072/14

Følgjande medlemmer møtte

TP: Ottar Nygård. UAVH: Toril Sande. FRP: Svein Hansen, Anne Lise Drage.
KRF: Raymond Myren. H: Kenneth Brandal.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

SP: Gunn Sande (Forfall til møtet var meldt)

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Gunnar Silden

Følgjande frå administrasjonen møtte

Økonomisjef Geir Kvisten, konst. kommunalsjef Helse og omsorg Finn Ove Arnes.
Serviceleiar Wenche Berget førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Medlemmane Svein Hansen, Kenneth Brandal, Toril Sande og Anne Lise Drage hadde før møtet meldt inn saker til møtet:

Det vart i møtet fleirtal for å ta fylgjande sak opp som tilleggssak:

Sak 072/14 Konstituering kommunalsjef Helse og omsorg

7 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
068/14	Godkjenning av møtebok
069/14	Referatsaker
070/14	Tilsetting av rådmann - Finansiering
071/14	Ny kommunereform - Strategi
072/14	Konstituering kommunalsjef Helse og omsorg

Tilleggsaker: 072/14

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.09.2014	068/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/532
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 27.08.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
15.09.2014	Møtebok FS 27.08.14.pdf	59108

Handsaming i Formannskapet - 16.09.2014

7 voterande

FS-068/14 VEDTAK

Møteboka frå møte 27.08.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.09.2014	069/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/531
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/3964	I	28.08.2014	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tilsyn med kommunal beredskapsplikt
2	14/3731	I	13.08.2014	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Planlegging av rutetilbudet frå 1. mai 2015

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Formannskapet - 16.09.2014

7 voterande

Tilleggsreferat:

3. Tenesteleiar Familie og velferd, dat. 15.09.14 – Endringar interkomm. samarbeid barnevern
4. TV-aksjonen 2014

FS-069/14 VEDTAK

1. Teke til vitande.

2. Sogn og Fj. fylkeskommune ber om innspel innan 26.09.14.

Innspel frå Selje kommune: Rute Selje–Måløy kl. 19.40 må korrespondere med buss til Oslo. Denne ruta er også viktig med tanke på fritidsaktivitetar. Mange barn får ikkje lenger delta pga. at ruta er nedlagt frå 23. juni -14.

Vidare er det ønske om tilbod på transport for barn med reisevei under 4 km.

Foreldrebetaling. Kan det vere mulig å få til ei ordning der foreldra betaler td. kr. 1000,- pr. år og så får alle ungane følgje bussen?

3. Tenesteleiar Familie og velferd Ingrid Stave orienterte vedk. endringar interkommunalt samarbeid barnevern, der Vågsøy kommune har stoppa prosjektet. Vågsøy kommune har også stoppa andre prosjekt.

Samarbeidsprosjektet har fått ein bråstopp og finansieringa fell bort.

Behov for avtale – debrifing/samtalepart i saker.

Teke til vitande.

4. TV-aksjonen søndag 19.10.14.

Aksjonsleiar Gunn Sande vert bortreist denne dagen, så ny aksjonsleiar må peikast ut.

Toril Sande blir ny aksjonsleiar.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.09.2014	070/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FE-202	14/530

Tilsetting av rådmann - Finansiering

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	11.09.2014	Headvisor	Tilbud - Rekruttering av rådmann

Vedlegg er unnateke off.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.08.2014	Tilbud - Bistand rekruttering rådmann	58379
15.09.2014	Tilsettingsprosess	58382
15.09.2014	SELJE _Blank_Rekruttering av rådm.doc	59105

Opplysningar til saka

I K-sak 45/14, pkt. 1, vart det m.a gjort fylgjande vedtak:

Forhandlingsutvalet (ordførar, varaordførar og leiar Adm. utval) får fullmakt til å setje i gang prosessen med tilsetjing av ny rådmann, samt ordne med konstituering av rådmann fram til ny rådmann kan tiltre.

Stillinga vart lyst ut og det kom inn 9 søknader.

Gruppleleiarane hadde møte for å ta stilling til vidare prosess i tilsettinga av ny rådmann, der ein vart samde om å nytte rekrutteringsfirmaet Headvisor i den vidare prosessen.

Sakshandsamar har fått opplyst at Headvisor har sett opp fylgjande kostnadsoverslag:
(alle summar er utan mva)

- Oppstartsmøte /deltaking på 1. gangs intervju: Fakturering etter medgått tid kr.1500 pr. t.
- Gjennomføring av 2. gangsintervju /rapport og innstilling frå Headvisor. Fast pris pr. kandidat kr. 15.000.

- Arbeid etter ny utlysingsrunde inkl. søk i Headvisor sin eigen database: kr. 40.000.
- I tillegg kjem kostnader med reise og opphald.
- Annonsering kostar ca. 20.000
- Stipulerte kostnader totalt vert sett til kr. 150.000

Finansiering

Dette vert finansiert frå 14905 - reservepost formannskapet.

Saksgang

Vedtak i Formannskapet.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret godkjenner kostnadsoverslag frå Headvisor i arbeidet med rekruttering av ny rådmann. Det vert sett ein rammekostnad på kr 150.000.

Dette vert finansiert frå 14905 - reservepost formannskapet, med fylgjande budsjettjustering:

Art	Ansvar	Teneste	Løyving no	Ny løyving	Debet	Kredit
					Auke utgift	Reduser utg.
					Reduser innt.	Auke inntet
14905	890	880	1 150 000	1 000 000		150 000
11400	111	120	0	20 000	20 000	
12701	111	120	0	130 000	130 000	

Handsaming i Formannskapet - 16.09.2014

9 voterande

Korrigering:

Saka skal ikkje handsamast i Kommunestyret. Fyrste linje i tilrådinga vert korrigert slik:
Selje kommune godkjenner kostnadsoverslag frå Headvisor i arbeidet med rekruttering av ny rådmann.

Røysting:

Korrigert tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-070/14 VEDTAK

Selje kommune godkjenner kostnadsoverslag frå Headvisor i arbeidet med rekruttering av ny rådmann. Det vert sett ein rammekostnad på kr 150.000.

Dette vert finansiert frå 14905 - reservepost formannskapet, med fylgjande budsjettjustering:

Art	Ansvar	Teneste	Løyving no	Ny løyving	Debet	Kredit
					Auke utgift	Reduser utg.
					Reduser innt.	Auke inntet
14905	890	880	1 150 000	1 000 000		150 000
11400	111	120	0	20 000	20 000	
12701	111	120	0	130 000	130 000	

Samrøystes.

Utskrift til:
Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.09.2014	071/14

Sakshandsamar Ottar Nygård	Arkiv FE-024	Arkivsak 14/342
-------------------------------	-----------------	--------------------

Ny kommunereform - Strategi

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
4	S	15.09.2014		Ny kommunereform - Endra kommunestruktur

Vedlegg i saka

Saka gjeld

Regjeringa vil styrkje lokaldemokratiet og gjennomfører ei kommunereform. Målet er større, meir robuste kommunar med meir makt og mynde.

Alle landets kommunar er inviterte til å delta i prosessar med sikte på å vurdere og å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Fylkesmannen, i samarbeid med KS, bidreg til å gjennomføre dei regionale prosessane.

Målet for reforma: Kommunereforma skal leggje til rette for at fleire kommunar slår seg saman. Færre og større kommunar skal gi betre kapasitet til å ivareta og vidareutvikle lovpålagde oppgaver, gi betre høve til å utvikle berekraftige og gode lokalsamfunn, og dessutan ivareta viktige frivillige oppgaver. Som eit generelt prinsipp skal reforma leggje grunnlaget for at alle kommunar kan løyse dei lovpålagde oppgavene sine sjølve.

Regjeringa har desse måla for reforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbygarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrkt lokaldemokrati

Regjeringa tek sikte på å leggje fram eit samla forslag om kva oppgaver som kan overførast til større og meir robuste kommunar våren 2015. Stortinget vil dermed ha behandla forslaget om nye oppgåver til kommunane før kommunane skal gjere sine lokale vedtak. Målet er deretter å leggje fram ein samla lovproposisjon om nye oppgaver til kommunane våren 2017, samtidig med ein proposisjon om ny kommunestruktur.

Opplysningar til saka

Selje kommunestyre drøfta kommunesamarbeid og kommunesamanslåing på møte 11.11.2013. Konklusjonen var at alle representantane skulle gå tilbake til sine partigrupper og drøfte kor offensive vi skal vere i framdrifta av kommunereforma, kva kommune det var mest naturleg å ha eit tett samarbeid med og på sikt, kva kommune det var naturleg og ynskjeleg å slå saman. Det var vidare semje om å ta saka opp som tema på eit kommunestyremøte våren 2014.

Ein kommunestruktur som var nemnt av fleire i møtet var: *Vanylven, Selje, Vågsøy, Bremanger og Eid.*

26.05.2014 kom det invitasjon frå Vågsøy kommune til samtalar om framtidig kommunestruktur. 18.06.2014 takka kommunestyret ja til denne invitasjonen og formelt svar vart sendt Vågsøy kommune 23.06.2014.

11.09.2014 var det felles formannskapsmøte for Nordfjord på Eid med kommunereforma som einaste tema. Fylkesmann, KS, Distriktsenteret og Nordfjordrådet stod bak møtet.

Ekspertutval: Regjeringa har sett ned eit ekspertutval og dei gjev følgjande anbefaling:

1. Kommunane bør ha minst 15 000 – 20 000 innbyggjarar for å sikre ei god oppgåveløysing.
2. Kommunestrukturen bør i større grad nærme seg funksjonelle samfunnsutviklingsområder.
3. Staten bør redusere detaljstyringa og ordningar for politisk deltaking bør vidareutviklast for å sikre gode og slagkraftige demokratiske arenaer.

Ei styrking av fagmiljøa som kan gje ei betre oppgåveløysing, er også grunnlaget for at ekspertutvalet anbefalar ein minste størrelse på kommunane på 15 000 – 20 000 innbyggjarar.

Framdriftsplan og milepelar: Det vert lagt opp til at dei regionale prosessane startar opp hausten 2014 og avsluttast ved utgangen av 2016, og at kommunane gjer vedtak i perioden juli 2015 – mai 2016. Dei kommunale vedtaka skal meldast inn til departementet via fylkesmannen, som skal bistå med å oppsummere tilbakemeldingane frå kvart einskild fylke. Fylkesmannen blir også beden om å gjere ei vurdering på sjølvstendig grunnlag av dei samla tilbakemeldingane.

Regjeringa planlegg å fremje ein samla proposisjon til Stortinget om ny kommunestruktur våren 2017. Kommunale vedtak som vert gjort hausten 2015, men som ikkje vert følgt opp av kongeleg resolusjon våren 2016, vil også bli inkludert i proposisjonen. I utarbeidinga av vedtaksgrunnlaget for Stortinget vil det bli lagt til grunn at einskildkommunar ikkje skal kunne stanse endringar som er ønska og hensiktsmessige ut frå regionale og nasjonale omsyn. I proposisjonen vil det dermed kunne komme framlegg om samanslåing av kommunar som avvik frå dei lokale vedtaka.

Departementet legg til grunn at samanslåingane som eit utgangspunkt vil settast i verk seinast frå 1. januar 2020. Det vil ofte være ønskjeleg å gjennomføre val forut for ei samanslåing, slik at kommunestyrevalget hausten 2019 blir val til dei nye kommunestyra.

Modell for dekning av eingangskostnadar i reformperioden (kroner)

Antal kommunar og innbyggjarar i samanslåinga.

0 – 19 000 innbyggjarar –	2 kommunar gir	20 000 000
	3 kommunar gir	30 000 000
	4 kommunar gir	40 000 000
	5 eller fleire gir	50 000 000
20 – 49 999 innbyggjarar	2 kommunar gir	25 000 000
	3 kommunar gir	35 000 000
	4 kommunar gir	45 000 000
	5 eller fleire gir	55 000 000

Lover/regelverk

I Sundvolden-erklæringa står det at «Det gjennomføres en kommunereform, hvor det sørges for at nødvendige vedtak blir fattet i perioden. Regjeringa vil føreta ein gjennomgang av oppgåvene til fylkeskommunane, fylkesmennene og staten med sikte på å gje meir makt og mynde til meir robuste kommunar.»

Finansiering

Fylkesmannen lova kr 100 000 til alle kommunane for å sikre at innbyggjarane får vere med i prosessen. Fylkesmannen vurderer og å bruke av skjønnsmidlane (3 – 5 mill) for 2015 til utreiingsarbeid i kommunane. Søknadsfrist på desse midlane vert truleg mars 2015.

Sakshandsamar si vurdering

Kommunereforma og at det er eit politisk fleirtal på Stortinget for ei stor endring av oppgåvefordeling og kommunestruktur er eit faktum.

Dei tre alternative løpa i reforma er:

1. vedtak i kommunane innan desember 2015, samanslåing frå 2018
2. vedtak i kommunane innan juli 2016, samanslåing frå 2020
3. «vente og sjå» kva skjer då?

Kommunestyret må ta stilling til korleis vi skal organisere arbeidet, kor aktive vi skal vere, kva løp vi skal velje og korleis vi skal involvere innbyggjarar og tilsette.

Vi skal inn i ein svært viktig prosess der ny kommunestruktur blir lagt for mange ti-år fram i tid. Det er no viktig at vi er aktive og tar styring i staden for å bli «overstyrt» frå Oslo.

Konklusjon

Selje kommune går for løp 2 med vedtak om ny kommunestruktur innan juli 2016, og samanslåing frå 2020.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med 1 representant frå kvar av gruppene i kommunestyret. Dei tilsette vel 1 representant blant dei hovudtillitsvalte som og deltek i gruppa. Ordføraren leier gruppa.

Selje kommune ønskjer utarbeidd fleire modellar for kommunestruktur og oppgåvefordeling og legg dette fram for innbyggjarane i ei rådgjevande folkerøysting.

Det skal lagast sak til kommunestyret i juni 2015 med ei oppsummering av arbeidet så langt.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak i saka.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune går for løp 2 med vedtak om ny kommunestruktur innan juli 2016, og samanslåing frå 2020.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med 1 representant frå kvar av gruppene i kommunestyret. Dei tilsette vel 1 representant blant dei hovudtillitsvalte som og deltek i gruppa. Ordføraren leier gruppa.

Selje kommune ønskjer utarbeidd fleire modellar for kommunestruktur og oppgåvefordeling og legg dette fram for innbyggjarane i ei rådgjevande folkerøysting.

Det skal lagast sak til kommunestyret i juni 2015 med ei oppsummering av arbeidet så langt.

Handsaming i Formannskapet - 16.09.2014

7 røyster

Røysting:

Tilråding frå (administrasjonen) ordførar fekk 7 røyster for. Samarøystes

FS-071/14 FRAMLEGG

Som tilråding frå (administrasjonen) ordførar.

:

.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	16.09.2014	072/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ottar Nygård	FE-410	14/476

Konstituering kommunalsjef Helse og omsorg

Opplysningar til saka

Tilleggssak i Formannskapet 16.09.14

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Handsaming i Formannskapet - 16.09.2014

7 voterande

Medlemmane Svein Hansen, Kennth Brandal, Toril Sande og Anne Lise Drage hadde før møtet meldt inn saker til møtet:

Det vart i møtet fleirtal for å ta fylgjande sak opp som tilleggssak:

Sak 072/14 Konstituering kommunalsjef Helse og omsorg

Formannskapet vart samde om:

Kommunalsjefstillinga med 3 mnd. engasjement med kostnad vart diskutert.

Stor enighet i formannskapet som ga uttrykk for at prosessen var uheldig og resultatet kunne vore annleis.

Saka er drøfta, men ga ikkje høve til vedtak.

FS-072/14

Formannskapet vart samde om:

Kommunalsjefstillinga med 3 mnd. engasjement med kostnad vart diskutert.

Stor enighet i formannskapet som ga uttrykk for at prosessen var uheldig og resultatet kunne vore annleis.

Saka er drøfta, men ga ikkje høve til vedtak.

